

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
34/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.05.2019
46/2019	Kommunestyret	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-056	18/251

**UTVIDING AV IKTNH - GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE****Vedlegg:**

IKTNH Utviding Hovudprosjekt - rapport  
Samarbeidsavtale IKT Nordhordland - 12 kommunar - §19  
Fylgjeskriv - sak IKTNH utviding til kommunestyra

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 34/2019****FPØ - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - Tilsyn:**

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

**Kommunestyret - Sak 46/2019****KOM - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - Vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

## **Saksopplysningar:**

### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Vaksdal kommune er del av IKT samarbeidet i Nordhordland og IKTNH driftar alle våre IKT løysingar.. Andre kommunar ynskjer å kome inn i samarbeidet og det er gjennomført ei utgreiing om utviding. Rapporten ligg no føre og tilrår at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Fleire kommunar i samarbeidet kan styrke både IKT drift og satsinga på digitalisering og innovasjon.

I ny kommunelov som trer i kraft i haust er §27 samarbeid erstatta med §19 kommunalt oppgåvefellesskap. For å tilpasse samarbeidet til ny lov må kommunane vedta ny samarbeidsavtale.

### **Formelt grunnlag**

KSAK 17/2018      *Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka. Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.*

KSAK 39/2018      *Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp. Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.*

### **Bakgrunn for saka**

#### Utviding med fleire kommunar i samarbeidet

*Kommunestyra i eigarkommunane til IKT Nordhordland (IKTNH) gjorde i juni 2018 vedtak om at ein skulle starta opp arbeidet med å sjå på mogeleg utviding av IKTNH.*

*IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale mellom Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal om leveranse av IKT-tjenester til kommunane. Eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune som vertskommune. I 2018 vart samarbeidet omgjort til eit § 27 samarbeid.*

Samarbeidet har ført til gode og effektive IKT-tjenester i regionen, og samarbeidskommunane har fått gode og effektive tjenester av høg kvalitet.

Sidan 2016 har Austevoll kommune kjøpt IKT-tjenester av samarbeidet.

Eigarkommunane har hatt to saker om IKTNH til handsaming i løpet av 2018:

- Februar 2018
  - Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap
  - Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap
- Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Mai/juni 2018
  - Arbeidet med å utvida IKTNH bør starta så raskt som mogeleg

Bestillinga frå kommunestyra om å sjå på ei mogeleg utviding av IKTNH er no gjennomført. Vedlagt er rapporten frå arbeidsgruppa og forslag til endring av samarbeidsavtalen.

Utgreiingsarbeid (rapport Hovudprosjekt Utviding IKTNH) er no gjennomført og konklusjonen er at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Austevoll er i dag drifta av IKT Nordhordland og det vil berre vera mindre justeringar når dei vert tatt inn som ordinært medlem. Dei to andre kommunane har ein struktur og storleik/20jera ressursar som kan styrka naudsynt satsing på digitalisering og innovasjon for å møta framtidige behov og krav på ein god måte.

Tilleggskostnader for implementering av utvidinga vert finansiert av kommunen dette gjeld.

Ei utviding av IKTNH vil stilla større krav til eintydig styringsstruktur. Det vert derfor tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det betyr følgjande:

- Osterøy kommune vert ikkje lenger kontorkommune
- Dei tilsette vert overført frå Osterøy kommune med alle rettar til IKTNH
- IKTNH kan vera ein avtalepart og inngå avtaler
- IKTNH kan ta opp lån.

Dette legg til rette for ei god drift framover, og seinare eit grunnlag for vidare utviding dersom det skulle bli naturleg.

Tilrådinga i rapporten er

- IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
- IKTNH vert eit eige rettssubjekt

Dette er støtta av rådmannsutvalet i møte 14.01.19 i sak 3/19 og Regionrådet i møte 25.01.19 i sak 6/19. Saka har også vore i strategiutvalet og seinast i rådmannsutvalet 29. mars 2019.

#### Tilpassing til ny kommunelov

I ny kommunelov er § 27 erstatta med § 19 som er kommunalt oppgåvefellesskap. For den type oppgåver som IKTNH utfører, er det naturleg at samarbeidet vert vidareført som eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunelova § 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefellesskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap og bør i dette tilfelle bestå av ordførarane i deltakarkommunane.

Representantskapet vedtek dei overordna føringane for selskapet og vel eit styre som bør bestå av rådmennene i deltakarkommunane.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Innbyggjarane og næringslivet sine krav og forventningar til digitalisering av kommunale tenester aukar sterkt. Kommunane må møte denne utfordringa og for å lykkes må me auka innsatsen. Det er nødvendig å sjå på organisering, ressurstilgang og sørge for effektive prosessar. Føresetnad for digitalisering er høg kvalitet og kapasitet på IKT driftstenester med tilhøyrande kunnskap, ressursar og økonomi.

Ved å gjere det mogeleg for IKTNH å levera sine teneste til fleire kommunar kan ein auka satsinga til digitalisering og innovasjon. Gjennom IKT samarbeidet og etableringa av IKTNH har samarbeidskommunane bygd ei verdifull verksemد som leverer IKT tenester som drift, forvalting og støtte til kommunane. Ei utviding av samarbeidet vil ha positiv effekt for kommunane i regionen samtidig som andre nye kommunar får auka kvalitet på sine IKT tenester og drift. Resultatet av dette er at IKTNH kan nytta ressursane på ein meir optimal måte med ei slik utviding.

Rådmann tilrår kommunestyret å fatte likelydande vedtak som i samarbeidskommunane.